

Kvartalsrapport

1-2013



SpareBank  
HALLINGDAL VALDRES



# Kommentarar 1. kvartal 2013

## Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og følgjande seks heileigde dotterselskap

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS  
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS  
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS  
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS  
HallingRegnskap AS  
Valdres Regnskap AS.

SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS er nytt selskap i konsernet frå og med 1. kvartal i år. Selskapet har kjøpt lokala til Coop Prix i Hemsedal som skal byggjast om for utleige til reiselivsrelatert verksemd i Hemsedal med bl.a. turistkontoret som leigetakar. I tillegg skal selskapet utvikle lokale i Valdres som konsernet skal drive si verksemd i.

Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 1. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit underskot på 0,4 mill. kroner etter goodwill-avskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS, 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og 7,7 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 AS, som alle er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 eig 19,5 % av Bank 1 Oslo Akershus. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 5,4 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 13,9 mill. etter 1. kvartal.

## Morbanken

### Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 8,4 mill. kroner som tilsvarar 0,49 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er litt betre enn for tilsvarende periode i fjor. Kvartalet har vore ei nokså normal driftsperiode utan spesielle hendingar. Bankfusjonen vil påverke dei fleste resultatstørrelsane når ein samanliknar mot fjoråret.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 31,0 mill. kroner mot 25,7 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,82 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,76 %. Den viktigaste årsaka til den relative betringa i rentenettoen kjem frå lågare renter på innlån som følgje av nedgang i marknadsrenter og lågare kredittpåslag som følgje av større tillit i finansmarknaden. Netto bidrag frå utlån/innskott til kundar er relativt sett lik 1. kvartal 2012.

Banken har overført bustadlån som tilsvarar 18 % av samla utlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (Boligkreditt). Banken får provisjon på desse låna frå boligkredittselskapet. For å få eit komplett bilete av rentenettoen, bør ein leggje til desse provisjonsinntektene i nøkkeltalet for rentenetto. Så langt i år utgjer provisjonane 0,21 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt utgjer til saman 2,03 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For same tid i fjor var talet 1,81 %.

Netto andre driftsinntekter utgjer 14,9 mill. kroner mot 13,2 mill. i same periode i fjor. Den største auken kjem frå provisjonar på overførte lån til boligkredittselskapet. I tillegg er det god vekst i provisjonar frå forsikring. Utbytte og gevinst på verdipapir er redusert i høve til same periode i fjor.

Driftskostnadane i 1. kvartal aukar frå 26,7 mill. i fjor til 31,3 mill. kroner i år. Av veksten på 4,6 mill. kjem 3/4 frå løn. I høve til same periode i fjor har banken langt fleire tilsette etter fusjonen i november. For andre driftskostnader går kostnadane ned etter eit fjorår med høge kostnader knytt til førebuing av bankfusjonen.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 2,9 mill. kroner, og kjem i hovudsak frå ein auke i gruppevisse tapsnedskrivningar.

### Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 6.966 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 18,0 % siste

12 månader og som ein del andre balansepostar er veksten i stor grad påverka av fusjonen med Øystre Slidre Sparebank i november 2012.

Balanseført utlån har ein 12-månaders vekst på 819 mill. kroner. Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balanseførte utlån, men tek ein med desse er auken siste år på 1.335 mill. kroner eller 22,4 %. I privatmarknaden har banken ein vekst på 439 mill. eller 13,2 % siste 12 månadar. Tilsvarende tal for bedriftsmarknaden er ein vekst på 380 mill. kroner og 20,8 % Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 37,0 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 63 %. Reknar ein med overførte lån til Boligkreditt er fordelinga 30,3 % / 69,7 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 110,2 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,8 % av brutto utlån og viser ei positiv utvikling. Banken har framleis eit særleg fokus på oppfølging av tapsutsette engasjement, og arbeider for å få redusert misleghaldet. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 38,4 mill. kroner per 1. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 351 mill. kroner (obligasjonar). Dette er fordelt med 52,1 mill. i statsgaranterte papir, 165,8 mill. i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), 97,1 mill. i kommune og bankobligasjonar og 35,9 mill. i industriobligasjonar. Banken har ei samla aksjeportefølje på 153,2 mill. kroner. Av dette blir ei portefølje av norske og utanlandske aksjar forvalta av ekstern forvaltar som per 1. kvartal er bokført til 39,8 mill. Banken har vidare aksjar i tilknytte konsernselskap (selskap nemnde i avsnittet om konsernet) bokført med til saman 101,3 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap er bokført til 54,1 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av 1. kvartal er på 4.565 mill. kroner, og er ein auke på 825 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er auken siste året på 18,1 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskott/utlån) ved kvartalsslutt er på 76,4 % mot 72,5 % på same tid i fjor.

Banken har per 1. kvartal til saman 1.392 mill. kroner i eksterne innlån, 5 obligasjonslån på til saman 1.142 mill. kroner og 2 banklån pålydande til saman 250 mill. kroner. Av innlåna har 468 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har ein oppgjærskreditt på 40 mill. kroner og ein trekkrett på 40 mill.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,3 % ved utgangen av 1. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8 %, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

## Framtidsutsikter

Banken har lagt bak seg det første heile kvartalet som fusjonert bank. Fusjonsprosjektet er avslutta og aktiviteten er god på alle frontar.

Utviklinga i bedriftsmarknaden på nasjonalt nivå ser ut til bli flatare enn forventat tidlegare i år. Me reknar med at dette også vil merkast i vårt område og gjere sitt til at veksten innafør bedriftsmarknaden blir moderat i 2013.

I 1. kvartal har det vore mykje fokus på renteendringar etter at DNB gjorde sine rentejusteringar i mars månad. Dei fleste norske bankane følgde på i kjølvatnet og justerte rentenivået. Dette gjeld også SpareBank 1 Hallingdal Valdres der verknaden av renteendringa vil gjere seg gjeldande frå mai månad. Endringa vil medføre auka inntening for banken.

Etter finanskrisa i 2008 har det i lengre tid vore arbeid med nye og strengare krav til bankane sin eigenkapital (CRD IV). Dette arbeidet er i stor grad styrt av EU og i mars månad vart finansministrane i EU einige om innhaldet i CRD IV. Den 22. mars la Finansdepartementet fram forslag til lovendringar for å kunne gjennomføre CRD IV i norsk rett. Sjølv om ikkje alt er klart, vil dei nye reglane bli gjort gjeldande i nær framtid, kanskje alt frå og med 1. juli 2013. Banken har ei god kapitaldekning, men forventar at måltalet må justerast oppover dei neste åra og såleis utfordre banken sitt kapitalnivå. For å kunne tilpasse seg strengare kapitalkrav, er banken heilt avhengig av gode resultat i åra framover for å byggje opp nødvendig kapital.

Hallingdal, 31.03.13/14.05.13

Kjell Vidar Bergo Sissel Skrindo Sissel Bjørøen  
Formann

Mikael Fønhus Tore Østlund Kristin Ourom Vidar Isungset

## Resultatrekneskap 1. kvartal 2013 Tal i heile 1000 kroner

| MORBANK        |               |               |               |               | KONSERN  |               |               |               |               |                |
|----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
| Året 12        | 1. kv. 12     | 1. kv. 13     | 31.03.12      | 31.03.13      |  | 31.03.13      | 31.03.12      | 1. kv. 13     | 1. kv. 12     | Året 12        |
| 252 241        | 63 376        | 68 850        | 63 376        | 68 850        | Renteinntekter og liknande inntekter                   | 68 163        | 62 942        | 68 163        | 62 942        | 249 508        |
| 141 882        | 37 692        | 37 874        | 37 692        | 37 874        | Rentekostnader og liknande kostnader                   | 38 109        | 37 735        | 38 109        | 37 735        | 141 497        |
| <b>110 359</b> | <b>25 684</b> | <b>30 976</b> | <b>25 684</b> | <b>30 976</b> | <b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>             | <b>30 054</b> | <b>25 207</b> | <b>30 054</b> | <b>25 207</b> | <b>108 011</b> |
| 7 686          | 1 782         | -41           | 1 782         | -41           | Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk. | 5 807         | 5 796         | 5 807         | 5 796         | 12 177         |
| 45 620         | 9 562         | 14 288        | 9 562         | 14 288        | Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester      | 14 288        | 9 562         | 14 288        | 9 562         | 45 620         |
| 2 014          | 452           | 521           | 452           | 521           | Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester      | 521           | 452           | 521           | 452           | 2 014          |
| 5 375          | 1 975         | 698           | 1 975         | 698           | Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir   | 698           | 1 975         | 698           | 1 975         | 5 078          |
| 3 951          | 304           | 474           | 304           | 474           | Andre driftsinntekter                                  | 19 326        | 13 578        | 19 326        | 13 578        | 57 796         |
| <b>60 618</b>  | <b>13 172</b> | <b>14 898</b> | <b>13 172</b> | <b>14 898</b> | <b>Sum andre inntekter</b>                             | <b>39 598</b> | <b>30 459</b> | <b>39 598</b> | <b>30 459</b> | <b>118 657</b> |
| <b>170 977</b> | <b>38 856</b> | <b>45 874</b> | <b>38 856</b> | <b>45 874</b> | <b>Sum driftsinntekter</b>                             | <b>69 652</b> | <b>55 666</b> | <b>69 652</b> | <b>55 666</b> | <b>226 668</b> |
| 86 103         | 20 484        | 24 983        | 20 484        | 24 983        | Løn og generelle administrasjonskostnader              | 38 003        | 29 026        | 38 003        | 29 026        | 125 633        |
| 2 319          | 488           | 937           | 488           | 937           | Avskrivningar mv av varige driftsmiddel                | 3 827         | 2 584         | 3 827         | 2 584         | 12 596         |
| 38 209         | 5 761         | 5 399         | 5 761         | 5 399         | Andre driftskostnader                                  | 7 325         | 6 390         | 7 325         | 6 390         | 43 776         |
| <b>126 631</b> | <b>26 733</b> | <b>31 319</b> | <b>26 733</b> | <b>31 319</b> | <b>Sum driftskostnader</b>                             | <b>49 155</b> | <b>38 000</b> | <b>49 155</b> | <b>38 000</b> | <b>182 005</b> |
| <b>44 346</b>  | <b>12 122</b> | <b>14 555</b> | <b>12 122</b> | <b>14 555</b> | <b>Resultat før tap</b>                                | <b>20 497</b> | <b>17 666</b> | <b>20 497</b> | <b>17 666</b> | <b>44 663</b>  |
| 16 002         | 1 528         | 2 890         | 1 528         | 2 890         | Tap på utlån, garantiar mv                             | 2 890         | 1 527         | 2 890         | 1 527         | 16 002         |
|                |               |               |               |               | Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt   |               |               |               |               |                |
| <b>28 344</b>  | <b>10 595</b> | <b>11 665</b> | <b>10 595</b> | <b>11 665</b> | <b>Resultat etter tap</b>                              | <b>17 607</b> | <b>16 139</b> | <b>17 607</b> | <b>16 139</b> | <b>28 661</b>  |
| 5 350          | 2 600         | 3 300         | 2 600         | 3 300         | Skatt på ordinært resultat                             | 3 757         | 3 211         | 3 757         | 3 211         | 5 484          |
| <b>22 994</b>  | <b>7 995</b>  | <b>8 365</b>  | <b>7 995</b>  | <b>8 365</b>  | <b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>           | <b>13 850</b> | <b>12 928</b> | <b>13 850</b> | <b>12 928</b> | <b>23 177</b>  |

## Nøkkeltal

|  | MORBANK   |           |         |            |
|--|-----------|-----------|---------|------------|
|  | 1. kv. 13 | 1. kv. 12 | Året 12 | Norm 12 *) |
| <b>RENTABILITET</b>                            |           |           |         |            |
| Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital       | 1,82      | 1,76      | 1,83    | 1,78       |
| Driftskostnader i % av driftsinntekter         | 68,27     | 68,80     | 74,06   | 54,50      |
| Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital      | 1,84      | 1,83      | 2,10    |            |
| Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)   | 5,16      | 5,53      | 3,10    | 10,32      |
| Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad) | 3,70      | 4,17      | 2,52    | 7,55       |
| Bokførte tap i % av brutto utlån               | 0,05      | 0,03      | 0,27    | 0,21       |
| <b>FINANSIERING</b>                            |           |           |         |            |
| Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.            | 15,87     | 4,54      | 16,07   |            |
| Innskotsvekst siste 12 mndr.                   | 22,07     | 8,15      | 21,52   |            |
| Innskot i % av brutto utlån                    | 76,39     | 72,51     | 76,21   | 80,65      |
| Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.       | 17,96     | 5,30      | 14,68   |            |
| <b>SOLIDITET</b>                               |           |           |         |            |
| Netto ansvarleg kapital                        | 903 817   | 779 201   | 904 266 |            |
| Kapitaldekning                                 | 17,34     | 16,61     | 16,69   | 18,08      |
| Eigenkapitalprosent                            | 13,20     | 13,44     | 13,59   | 9,48       |
| Nedskrivning i % av brutto utlån               | 0,65      | 0,97      | 0,61    | 0,77       |

\*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

# Balanse per 31. mars 2013

Tal i heile 1000 kroner

| MORBANK          |                  |                  |  | KONSERN          |                  |                  |
|------------------|------------------|------------------|--|------------------|------------------|------------------|
| 31.12.12         | 31.03.12         | 31.03.13         | EIGEDELAR  | 31.03.13         | 31.03.12         | 31.12.12         |
| 73 396           | 76 193           | 77 515           | Kontantar og fordringar på sentralbankar             | 77 516           | 76 194           | 73 398           |
| 42 410           | 143 882          | 186 555          | Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar      | 187 076          | 146 341          | 43 385           |
| 5 929 592        | 5 157 577        | 5 976 330        | Brutto utlån til og fordringar på kundar             | 5 887 021        | 5 077 255        | 5 840 924        |
| -13 803          | -27 434          | -12 940          | - Individuelle nedskrivningar                        | -12 940          | -27 434          | -13 803          |
| -22 500          | -22 900          | -25 500          | - Gruppevise nedskrivningar                          | -25 500          | -22 900          | -22 500          |
| 5 893 289        | 5 107 244        | 5 937 890        | Netto utlån til og fordringar på kundar              | 5 848 581        | 5 026 921        | 5 804 621        |
| 2 482            | -                | 2 482            | Overtekte eigdeklar                                  | 2 482            | -                | 2 482            |
| 320 856          | 282 672          | 350 951          | Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir  | 350 951          | 282 672          | 320 856          |
| 148 580          | 103 710          | 153 217          | Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning | 153 626          | 104 699          | 149 074          |
| 101 266          | 91 635           | 101 266          | Eigarinteresser i tilknytt selskap                   | 167 709          | 157 351          | 162 421          |
| 54 423           | 41 738           | 54 087           | Eigarinteresser i konsernselskap                     | -                | -                | -                |
| 3 156            | 1 649            | 3 156            | Immatrielle eigdeklar                                | 33 523           | 21 341           | 35 100           |
| 24 135           | 10 588           | 23 626           | Varige driftsmidar                                   | 110 211          | 93 652           | 108 956          |
| 11 472           | 17 299           | 33 492           | Andre eigdeklar                                      | 49 432           | 27 528           | 27 612           |
| 35 241           | 28 959           | 42 232           | Forskotsbetalingar og opptente inntekter             | 65 982           | 46 466           | 54 086           |
| <b>6 710 706</b> | <b>5 905 568</b> | <b>6 966 469</b> | <b>Sum eigdeklar</b>                                 | <b>7 047 089</b> | <b>5 983 165</b> | <b>6 781 991</b> |
|                  |                  |                  | <b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>                         |                  |                  |                  |
| 250 000          | 250 000          | 250 000          | Gjeld til kredittinstitusjonar                       | 251 083          | 252 451          | 251 145          |
| 4 519 153        | 3 739 948        | 4 565 326        | Innskott frå og gjeld til kundar                     | 4 560 126        | 3 736 268        | 4 508 794        |
| 967 527          | 1 049 288        | 1 142 456        | Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir              | 1 142 456        | 1 049 288        | 967 527          |
| 32 392           | 28 877           | 35 420           | Anna gjeld   | 48 692           | 32 582           | 38 693           |
| 15 328           | 32 079           | 38 656           | Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter        | 42 502           | 40 432           | 27 104           |
| 14 391           | 11 576           | 14 781           | Avsetningar til forpliktingar og kostnader           | 18 644           | 15 409           | 18 404           |
| <b>5 798 791</b> | <b>5 111 767</b> | <b>6 046 639</b> | <b>Sum gjeld</b>                                     | <b>6 063 503</b> | <b>5 126 430</b> | <b>5 811 667</b> |
| 805 700          | -                | 805 700          | Eigenkapitalbevis                                    | 805 700          | -                | 805 700          |
| 75 000           | -                | 75 000           | Grunnfondskapital                                    | 75 000           | -                | 75 000           |
| 2 069            | -                | 2 069            | Andel resultat grunnfondskapital                     | 2 069            | -                | 2 069            |
| 11 581           | -                | 11 581           | Overkursfond   | 11 581           | -                | 11 581           |
| 894 350          | -                | 894 350          | Sum innskote kapital                                 | 894 350          | -                | 894 350          |
| -                | -                | -                | Fond for vurderingsulikheiter                        | 66 443           | 65 716           | 58 409           |
| -                | 771 357          | -                | Sparebanken sitt fond                                | -                | 771 357          | -                |
| -                | -                | -                | Anna eigenkapital                                    | -8 172           | -7 715           | -                |
| 12 742           | 14 449           | 12 292           | Gåvefond   | 12 292           | 14 449           | 12 742           |
| 3 678            | -                | 3 678            | Utljæmningsfond                                      | 3 678            | -                | 3 678            |
| 1 145            | -                | 1 145            | Kompensasjonsfond                                    | 1 145            | -                | 1 145            |
| 17 565           | 785 806          | 17 115           | Sum bundne fond / frie fond                          | 75 386           | 843 807          | 75 974           |
| -                | 7 995            | 8 365            | Resultat hittil                                      | 13 850           | 12 928           | -                |
| <b>911 915</b>   | <b>793 801</b>   | <b>919 830</b>   | <b>Sum eigenkapital</b>                              | <b>983 586</b>   | <b>856 735</b>   | <b>970 324</b>   |
| <b>6 710 706</b> | <b>5 905 568</b> | <b>6 966 469</b> | <b>Sum gjeld og eigenkapital</b>                     | <b>7 047 089</b> | <b>5 983 165</b> | <b>6 781 991</b> |
|                  |                  |                  | <b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>                        |                  |                  |                  |
| 659 867          | 663 009          | 623 732          | Betinga forpliktingar                                | 623 732          | 663 009          | 659 867          |

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

|   | MORBANK       |                |                |
|---|---------------|----------------|----------------|
|   | 1. kv. 13     | 1. kv. 12      | Året 12        |
| <b>MISLEGHALDNE LÅN</b>                       |               |                |                |
| Brutto misleghaldne lån                       | 110 181       | 131 708        | 122 481        |
| - individuelle nedskrivning                   | 11 156        | 24 650         | 12 603         |
| <b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>                 | <b>99 025</b> | <b>107 058</b> | <b>109 878</b> |
| <b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>     |               |                |                |
| Brutto utlån                                  | 1 279         | 10 376         | 1 760          |
| - individuelle nedskrivning                   | 781           | 2 784          | 1 200          |
| <b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>      | <b>498</b>    | <b>7 592</b>   | <b>560</b>     |
| <b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>               |               |                |                |
| Endring gruppe nedskrivning                   | 3 000         | -              | -2 000         |
| Endring individuell nedskrivning              | -519          | -              | -12 617        |
| Konstatert tap i perioden                     | 3 692         | 1 555          | 34 183         |
| Inngått på tidl.konst. tap                    | -3 283        | -27            | -3 564         |
| <b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b> | <b>2 890</b>  | <b>1 528</b>   | <b>16 002</b>  |

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,  
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

**SpareBank**  
HALLINGDAL VALDRES

